

## **Årsmelding frå Yngres 2016**

I 2016 har det vore 17 Yngressamlingar på Frekhaug Bedehus. Samlingane varer frå klokka 18.30 til 21.00. Samlingene har vore annankvar fredag, utanom i feriane. Samlingane har i år, som tidlegare år vore for barn frå 5.klasse til og med 7.klasse. Oppmøte har vore stabilt godt, med mellom 20 til 40 barn på kvar samling. Våren 2016 var det mest barn frå 7.klasse, høsten 2016 har det vore meir likt fordelt aldersmessig. På sommaravslutninga var 4. klassingane invitert til å delta. På kvar samling har vi hausten 2016 vore fem leiarar.

På kvar samling er det ei kort fellessamling med andakt. I tillegg er kiosken alltid open, og det har vore tilbud om ulike aktivitetar.

Leiarersituasjonen har i år, som fleire år tidlegare til dels vore kritisk. Våren 2016 var Dag Erik Asdahl hovedleiar. Hausten 2016 overtok Kari Erikstein som hovudleiar. John Henanger har framleis ansvar for regnskapet. Hausten 2016 var det fleire leiarar som gav seg, samtidig vart 4 nye leiarar rekruttert, og til saman er det no 10 leiarar. Dag Erik Asdahl hadde samtale med Frekhaug indremisjon og Meland kyrkje vedrørande samarbeidet mellom forsamlingane og situasjonen på Yngres våren 2016. Hausten 2016 vart det stadfesta at Norkirken ikkje er med å samarbeider om tiltaket Yngres, slik som mange trudde før dette.

Leiarane opplever at det er eit godt miljø på Yngres. Deltakarane på Yngres verkar tilfreds og dei får kvar samling med seg ei kort andakt. Vi opplever at dette er eit viktig arbeid for den aktuelle aldersgruppa på Frekhaug.

Kari Erikstein